

Oddbjørn Leirvik:

RELIGIONSIALOG OG VERDIFELLESSKAP

Bidrag til UiOs forelesingsrekke "Etter 22. juli", 24. september 2011

Tidlegare denne veka stod stormuftien av Bosnia-Herzegovina, Mustafa Cerić, her i Universitetets Gamle festsal og samtalte med generalsekretæren i Kirkenes Verdensråd, norske Olav Fykse Tveit. Temaet var fleirkulturell sameksistens og global rettferd. Høvet var Det teologiske fakultets tohundreårsjubileum. Hendinga manifesterte at kyrkjene ikkje lenger berre fører økumeniske samtalar med kvarandre, men også regelmessig med leiarane for andre religionssamfunn. Møtet var også eit uttrykk for at fleire teologiske fakultet i Europa no er inne i ein prosess der dei gir rom for undervisning og forskning i islamsk teologi, side om side med den tradisjonstunge kristne teologien dei forvaltar. Slik også her i Oslo.

Dagen før deltok stormuftien på eit møte arrangert av fakultetet, Den norske kyrkja og Islamsk Råd om korleis ein skal møte religiøs ekstremisme i Europa. Det vart ein djuptloddande samtale prega av erfaringane frå kristne serbarar sin massakre på muslimske landsmenn i Srebrenica, militante islamistar sine terroranslag mot Vesten, og vår eigen 22. juli. Stormuftien sitt grunnleggande spørsmål var dette: korleis konfronterer vi menneske som ikkje angrar sin udåd, men drep andre fordi dei meiner det er rett og nødvendig? Dette er den felles utfordringa som kristne og muslimar står overfor i Europa i dag – ein ekstremisme som i religionen (eller den eigne kulturen) sitt namn viskar ut alle moralske grenser.

I den nemnde samtalen vart det også peika på at den ekstreme valden ikkje så lett kan utdefineras som "misbruk" av dei (antatt reine) religionane. Sjølv om valdsutøvinga representerer ekstreme unnatak, er dei fiendebileta som ekstremistane nærer seg av faktisk mainstream i mange kristne og muslimske kulturar. Mistenkeleggjerande og fryktbaserte fiendebilete florerer på begge sider. Også dette er ei felles utfordring: sjølv om det er forskjell på hatefull tale og kaldblodig valdsutøving, er dei ideologiske grensene glidande mellom folkelege fiendebilete og terroristane sin tenkemåte, mellom høgrepopulisme og høgreekstremisme.

Mistrua mellom kristne og muslimar har også sterke historiske røter, og her går heller ikkje heilagskriftene fri. Både Det nye testamentet og Koranen har blitt til i situasjonar av akutt konflikt og har begge passasjar som byr seg fram som ammunisjon for konfronterande identitetspolitikk eller til demonisering av den andre. Også dette er i dag ei felles utfordring for kristen og islamsk teologi: korleis kan ein saman avvæpne heilagskriftene?

Religionsdialog og identitetspolitikk

Samtalen mellom stormuftien og kristne teologar er eit eksempel på det fenomenet som ein gjerne kallar "religionsdialog". Det finst ulike former for religionsdialog, også i Norge. Somme dialogfora er multilaterale, med deltaking både frå ulike trussamfunn og humanetikarar (det fremste eksempelet er Samarbeidsrådet for tros- og livssynssamfunn), andre er bilaterale (for eksempel Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd). Sidan perspektivet for denne forelesinga er "Etter 22. juli", skal eg i det følgjande for det meste konsentrere meg om den kristen-muslimske dialogen – og motpolane til denne.

Kva religionsdialog er, kan ein vanskeleg forstå utan å sjå dialogrørsla som ein av to motsette tendensar dei siste tiåra, der motpolen til dialogen er det eg vil kalle konfronterande identitetspolitikk i religionen sitt namn. Kjenneteiknet ved identitetspolitikken er at ein skil ut ein bestemt komponent i folks identitet, i dette tilfellet den religiøse komponenten, og mobiliserer politisk på dette grunnlaget. Med på kjøpet kjem alltid fiendebilete av dei andre. I

den høgrepopulistiske identitetspolitikken er det som kjent muslimane som må finne seg i å spele rolla som mistenkeleggjorte kontrastfigurar til den norske, kristne eller europeiske identiteten.

Religionsdialogen er til forskjell karakterisert ved opne, forpliktande samtalar mellom folk med ulik identitet, i dette tilfellet forskjellig religion. Grunnen til at religionsdialogen – både den institusjonaliserte og den meir uformelle – er nødvendig, er nettopp faren for at den konfronterande identitetspolitikken skal bryte ned samfunnsfellesskapet.

Frå byrjinga av 1990-talet har den offentlege debatten i Europa vore avgjerande prega av brytninga mellom konfronterande identitetspolitikk i religionens namn, og fellesskapssøkande religionsdialog. Begge delar er, i sine noverande former, nye fenomen. Ordsøk i det norske mediearkivet viser at både ordet ”religionsdialog” og uttrykket ”ikkje-vestleg” knapt nok er representert før ved midten av 1990-talet. I dag har uttrykket ”ikkje-vestleg” blitt ein sjølvsagt del av språket, som eit hint om at den rådande identitetspolitikken i Europa ikkje berre nærer seg av religion men like mykje av kulturelle førestillingar om den austlege faren som før var representert ved kommunismen og i dag av islam.

To snapshots frå tjuve år tilbake viser korleis brytninga mellom identitetspolitikk og dialog tidleg kom til uttrykk også her i Norge. Året er 1990, det er eit år etter Murens fall, og vi ser dei første teikna på at islam hos mange er i ferd med å overta kommunismen si rolle som Vestens nye hovudfiende. På Sjømannsmisjonen sitt årsmøte i Bergen står Rolv Wesenlund, invitert som folkereligjøs gjestetalar for å seie noko om kristendommen si stilling i landet vårt. I følgje avisreferatet i avisa Vårt Land nytta Wesenlund høvet til å mane til åndskamp mot islam. No må skulen sin kristne profil styrkast, sa han, slik at ungane våre kan ha noko å stille opp med overfor islam som – i følgje Wesenlund – slett ikkje er nokon tolerant religion. Det han ville forsvare med kristne formålsparagrafar, vart noko han kalla ”vår norske, protestantiske tro”.

Slik stod han fram som representant for ein kristen, identitetspolitisk nasjonalisme som ser islam som hovudfienden. Men det skulle snart vise seg at også ein annan, meir dialogisk trend var i emning. Det same året kunne avisene melde om det første offisielle besøket frå ein norsk biskop i ein norsk moské, ved dåverande biskop Bjørn Bue. I følgje avisreferatet var biskopen og imam Chishti innom mange slags spørsmål av felles interesse. Dei konstaterte at dei var einige om mykje, men også usamde på nokre viktige punkt. Noko åndskamp var det likevel ikkje tale om, snarare respektfull dialog. Og som vi kunne sjå av eit fantastisk bilete i Aftenposten der dei to mennene strålar mot kvarandre, kulminerte besøket med at imamen og biskopen løfta sine tekus og skålte saman for ein alkoholfri livsstil. Dei hadde oppdaga ei felles hjartesak. Av reportasjen går det fram at dei to også møttest på eit djupare plan enn det som har med moralske alliansar å gjere, i ein samtale om åndelege spørsmål.

Det todelte biletet frå 1990 illustrerer den sterke spenninga mellom konfrontasjon og dialog som sidan har prega forholdet mellom kristne, muslimar og – må vi legge til – meir sekulære borgarar. Internasjonalt finn vi eit tilsvarande dobbeltbilete i 1993. Dette var året då den amerikanske statsvitaren Samuel Huntington publiserte sin kjende artikkel om ”Clash of Civilizations”, der den islamske verda blir framstilt som Vesten sin mest sannsynlege hovudfiende i tida framover. Men liksom Wesenlund tre år før vart motsagt av biskop Bue og imam Chishti, kom det også internasjonalt sterke motbilete til Huntington sine pessimistiske spådommar. For 1993 var året då det såkalla Verdensparlamentet for religionane på sitt møte i Chicago vedtok ei ”Erklæring om global etikk” der er den gylne regelen som står i fokus: ”Alt du vil at andre skal gjere mot deg, skal du også gjere mot dei”. I denne erklæringa er det ikkje snakk om oss og dei, som i den konfronterande identitetspolitikken, men om meg og deg.

Dialogrørsla

No er det ikkje berre konfliktteoretikarar og høgrepopulistar som meiner at samfunnet treng den tøffe, konfronterande debatten som kjenneteiknar identitetspolitikken. Under karikaturstriden i 2006 hevda mange liberale debattantar at det berre er gjennom konfrontasjon at muslimane kan bli trena til å takle den harde religionskritikken som Europa har gitt rom til.

Tilsvarande synest mange å oppfatte religionsdialog som ein harmoniserande geskjeft. Særleg etter karikaturstriden i 2006 kan det sjå ut til at skepsisen overfor fenomenet religionsdialog har blitt større hos mange. Mange reagerte på at norske politikarar støtta seg på kristne og muslimske leiarar for å få til ei meir fredeleg løysing på striden enn kva ein hadde sett i Danmark. Politikarar frå KrF og AP fasiliterte eit offentleg forsoningsmøte mellom redaktør Selbekk i Magazinet og Islamsk Råd, og Utanriksdepartementet finansierte muslimsk-kristne delegasjonsreiser til Midtausten og Pakistan for å vise fram den norske dialoglinja – som kontrast til den konfronterande identitetspolitikken i Danmark.

Mange syntest openbert at dette vart for mykje av det gode. Dei hevda verdien av konflikt, og åtvare mot det dei oppfatta som ein konfliktsky religionsdialog. I det følgjande vil eg prøve å teste påstanden om at religionsdialog er ei konfliktunnvikande samtaleform. Mi innleiande forteljing om stormuftiens besøk tyder vel helst på det motsette – det var som ein forstår sterkt konfliktfylte tema som stod i fokus for samtalanene.

Kva slags spørsmål er det så som har stått i fokus i den *norske* religionsdialogen, og kva slags *verdiar* er det som har vist seg å få gjennomslag?

For å avgrense empirien skal eg konsentrere meg om den kristen-muslimske dialogen og arbeidet i den nasjonale Kontaktgruppa for Mellomkyrkjeleg Råd og Islamsk Råd som har vore i sving frå 1993. Eit siktemål for arbeidet i Kontaktgruppa har vore å etablere eit felles etisk engasjement som kan demme opp for dei konfronterande og potensielt valdelege kreftene som ein finn på begge sider. Det som etter kvart har utkrystallisert seg som eit felles fokus, er å forsvare minoritetane mot overgrep frå majoriteten. Det byrja med at dei kristne måtte lytte seg inn på muslimane sine minoritetsbekymringar i Norge, og deira oppleving av å bli framstilt som samfunnsfiendar i den offentlege debatten. Men heilt frå starten vart også muslimane utfordra til å ta inn over seg kristne sine minoritetsbekymringar, for eksempel i Pakistan der dei kristne sin situasjon har blitt stadig forverra. Alt i 1995 fekk Kontaktgruppa ei vanskeleg sak på bordet, då det viste seg at eit par norske imamar støtta dødsdommane som nyleg var avsagt mot tre kristne som under Pakistan sin drakoniske blasfemiparagraf var klaga for å ha spotta Profeten. Islamsk Råd tok nok avstand frå dei aktuelle dødsdommane men var på det tidspunktet ikkje så klare i prinsipielle avvising av blasfemiparagrafen som ein hadde ønskt på kyrkjeleg side.

Ti år seinare sende Oslokoalisjonen for tros- og livssynsfrihet (som har vakse ut av religionsdialogen i Norge) ein kristen-muslimsk delegasjon til Pakistan, for å få førstehandsinntrykk av dei religiøse minoritetane sin situasjon. I motsetnad til den vanskelege samtalen ti år tidlegare, kjende deltakarane at dei reiste til Pakistan med ein felles, menneskerettleg dagsorden som også vart opplevd å spegle norske fellesverdiar. Når delegasjonen utfordra konservative muslimske leiarar på blasfemiparagrafen, gjorde det ingen forskjell om det var ein kristen eller muslim som førte ordet. Ein stod saman i ønsket om å verne utsette minoritetar mot overgrep, slik det seinare har kome til uttrykk i fellesfråsegner frå Kontaktgruppa med overskrifter som ”Stopp volden mot kristne i Pakistan” (2009).

Noko hadde openbert endra seg gjennom ti-femten års tillitsbyggande religionsdialog. Det som synest å ha skjedd i denne prosessen, er at religiøse (og human-etiske) leiararar i Norge har utvikla *eit felles verdiengasjement* sentrert om ikkje-vald, kjønnsrettferd, og vern av det sårbare mennesket. Engasjementet gjeld også enkeltmenneske som kan bli utsett for

overgrep frå si eiga religiøse gruppe. I 2007, etter grundig førebuingsarbeid, vedtok den kristen-muslimske Kontaktgruppa ei felles fråsegn om retten til å skifte religion utan å bli møtt med straffetiltak frå familie eller trusfellesskap. I 2009 publiserte Kontaktgruppa nok ei fellesfråsegn, denne gongen om vald i nære relasjonar, i kritisk medvit om at dei kulturelle og religiøse tradisjonane kan misbrukast til å halde barn og kvinner nede med trugsmaal om vald.

Den utviklinga som her er skildra, viser korleis representantar for kristne og muslimske leiarar over tid kan utvikle eit sterkt verdifellesskap som er forankra i menneskerettslege prinsipp og humanistiske tolkingar av dei religiøse tradisjonane.

No er det vel å merke ikkje berre i religiøse samanhengar at eit felles, humanistisk verdiengasjement har fått utvikle seg. Ikkje minst i dei politiske ungdomsorganisasjonane – slik vi i sommar har sett det i AUF – merkar ein i dag at unge heilt på tvers av tru og livssyn finn saman om sterke verdiar som likestilling mellom kjønna, fleirkulturell sameksistens og solidaritet.

Kanskje er det slik norske verdiar i dag blir styrka – i forpliktande religionsdialog, og i politisk engasjement som går heilt på tvers av tru og livssyn. Men kva er sterkast: dialogrørsla eller dei konfroterande motkreftene?

Dei identitetspolitiske motkreftene

Å snakke om dialogens ”motkrefter” kan synest å spegle eit normativt engasjement til fordel for religionsdialogen. Eit slik normativt engasjement må eg nok vedstå meg, som deltakar i nokre av dei dialogprosessane eg har skildra.

Personleg vil eg meine at spenninga mellom religionsdialog og konfronterande identitetspolitikk speglar ein grunnleggande verdikonflikt i dagens samfunn – ein verdikonflikt som vel og merke går heilt på tvers av tru og livssyn. Både hos kristne, muslimar og sekulære borgarar kan ein i dag registrere ei sterk spenning mellom folk som identifiserer seg med dialogen sine verdiar, og folk som tenkjer og taler i dei identitetspolitiske kategoriane oss og dei. Her må ein likevel vakte seg for å dele inn befolkninga i to flokkar. For spenninga mellom dialog og identitetspolitikk kan også opplevast som ei indre brytning hos den einskilde – og i religiøse eller politiske rørsler der ulike tendensar bryt mot kvarandre.

Det som uansett karakteriserer (dei ytre eller indre) motkreftene til dialogen er mistrua til at det er mogeleg å samle seg om sterke fellesverdiar på tvers av trusgrensene. I dagens diskursive orden er det særleg muslimane som må leve med mistanken om at deira religion står i ein uforsonleg konflikt med kulturelt kristne, norske eller europeiske verdiar.

I partipolitisk samanheng er det særleg FrP som har skapt eit inntrykk av at muslimane – opent eller fordekt – konsekvent forfølgjer sine særinteresser, i samsvar med eit antatt snikislamiseringsprogram. Også i ein del kristne kretsar finn ein liknande talemåtar. Eit eksempel er bøkene til den kristne konvertitten frå islam, Mark Gabriel, som er utgitt på norsk av misjonsorganisasjonen Ungdom i Oppdrag og selt i store opplag. I Gabriels bok *Islam og terrorisme*, som kom på norsk i 2003, får vi vite at det sanne islam er ein valdeleg religion, og at ein må rekne med at tilsynelatande vennlegsinna muslimar systematisk skjuler sitt eigentlege formål som er å ta kontroll over Vesten. Til forskjell blir kristendommen i bøkene hans framstilt som ein rein og upletta fredsreligion.

Året etter vart Gabriels bok løfta fram av Carl I. Hagen i ein fjernsynsdebatt, som eksempel på truverdig informasjon om islam. 2004 var også året då Hagen tok i bruk den identitetspolitiske talefiguren ”vi kristne” og fekk applaus frå den karismatiske forsamlinga Levende Ord for si kontrastering av krigsherren Muhammad med den fredsæle Jesus.

Men i det siste tilfellet såg ein også at skiljet mellom konfronterande identitetspolitikk og tillitsbyggande dialog gjekk tvers igjennom det kristne fellesskapet. Etter Hagens tale i Levende Ord gjekk ei brei gruppe av kyrkjeleiarar (inkludert karismatiske kristne som Aril Edvardsen og Åge Åleskjær) ut med sterke åtvaringar mot det dei kalla ”islamofobi og muslimhets”. Noko liknande skjedde under valkampen i 1997, då FrP appellerte til kristne om stemme på dei for å demme opp for den muslimske invasjonen. Då tok ei svært brei gruppe av kristne leiarar – frå dei mest konservative til dei mest liberale i Den norske kyrkja, frå pinsevennar til katolikkar i den økumeniske familien – offentleg til motmæle og forfatta også eit sjølvkritisk hyrdebrev til norske kristne der ein åtvara mot religiøst motivert framandfrykt.

I ein sum kan sjå ut som biletet er som følgjer: ein stadig tøffare identitetspolitikk hos folk flest bryt med ei stadig sterkare dialogrørsle mellom religiøse leiarar. Spenninga mellom identitetspolitikk og dialog går vel å merke også tvers igjennom dei muslimske miljøa i Norge. Også her bryt leiarane sine dialogvennlege haldningar med langt meir konfronterande tendensar hos ein del muslimske grupper. Dei siste åra har det for eksempel blitt tydeleg at ein del unge muslimar er skeptiske til Islamsk Råd si dialogorienterte linje. Mot Islamsk Råd sitt ønskje tok tre tusen i februar 2010 til gatene i Oslo då Dagbladet trykte ein Muhammad-karikatur som illustrasjon til ei nyheitssak. Det var ved dette høvet den unge appellanten Mohyeldeen Mohammed klaga Norge for å ha gått til korstog mot islam. Noko liknande skjedde under karikaturstriden i 2006, då femten hundre tok til gatene med kraftfulle protestar og slik trassa Islamsk Råd sitt råd om ikkje å demonstrere.

Når det gjeld verdispørsmål, finn ein på den eine ytterkanten folk som Arfan Bhatti som vart dømt for medverknad til dei skota som vart losna mot synagoga i Oslo i 2006. I eit intervju med Dagbladet i 2002, etter at han hadde funne tilbake til sin muslimske identitet under eit fengselsopphald, uttalte han følgjande: ”Jeg lever for islam, og hater norske verdier”. Men kven er representative for norske muslimar? Er det Bhatti, eller den pakistanske imamen som i tråd med dialogkulturen gjekk på solidaritetsbesøk til synagogen rett etter skytinga? Er det beinharde patriarkar som prøver å kontrollere sine kvinner og barn, eller unge kvinner som Adel Aden som offentleg tar oppgjer med patriarkalske haldningar sitt eige (i hennar tilfelle, somalske) miljø? Er det dei muslimane som skjermar seg for omverda og ser annleis truande som ein trussel, eller er det Bushra Ishaq, den tidlegare leiaren i Muslimsk Studentsamfunn som i ein kronikk frå 2009 med tittelen ”Muslimer i endring” skreiv følgjande: ”Den muslimske Nora oppvokst i norske skoler bryter seg nå løs fra ... tradisjonelle holdninger. Vi tar kampen om å realisere oss selv som selvstendige individer der vi som norske jenter er opplært til likestillingskamp. Uten den norske kulturens fundamentale påvirkning og velferdsstatens verdier, som gir like rettigheter til alle samfunnsborgere, ville ikke den gryende muslimske feminismen vært en realitet.”

Sitatet illustrerer kor sterkt ein del unge muslimar identifiserer seg med norske velferds- og likestillingsverdiar, og korleis deira bilete av islam tar farge av det norske verdifellesskapet. Bushra Ishaq har vore og er framleis ein aktiv deltakar i den norske religionsdialogen. Men like sterkt representerer ho alle dei som er med på å prege, og sjølv blir prega av, den offentlege verdisamtalen. Bushra Ishaq har sjølv fortalt om kva pris ho har måtta betale for dette, i form av hatefulle reaksjonar frå anti-islamske krefter som openbert er provosert av at nokon gir eit anna bilete av islam enn det identitetspolitiske fiendebiletet.

Heller ikkje religionsdialogen er nokon hyggeprat. I alle fall i Norge har den frå dag ein adressert høgst kontroversielle tema. Men til forskjell frå grunntonen i mykje av den offentlege debatten er religionsdialogen boren av tillit og ei grunnleggande forventning om at det – gjennom samtale og samarbeid – er mogeleg å finne fram til felles, forpliktande verdiar.

Kanskje kan ein våge å seie at tida etter 22. juli har stadfesta nettopp dette, at det faktisk har blitt utvikla sterke, tverreligiøse verdifelleskap i Norge. Om ikkje då identitetspolitikken allereie er i ferd med å snike seg inn igjen gjennom bakdørene.